

2024

ÅRSMELDING



Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag



Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag



Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag

ÅRSMØTE 2025

Comfort Hotel Victoria Florø 15.-16. mars

PROGRAM

Laurdag 15. mars

Frå kl. 11.00: Innsjekking på hotellet

12.00 Lunsj

13.00 Opning og helsingar

13.20 **Positivitet i landbruket og dei som trivast og lukkast**

Ved Petter Simonsen – 'Drømmegården'. Petter er bonde, profesjonell sangar, dagleg leiar Østre Pavestad Gård, medeigar i Norsk Ullgris DA, styremedlem Norsk Urkorn As

14.40 Kaffipause

15.00 **Positivitet i landbruket – utfordringar og positivitet**

Ved Anita Roset – dagleg leiar Innvik Fruktlager SA

15.45 **Positivitet i landbruket – Helse og velferd**

Kolbjørn Taklo, bonde og fagleiar- og rådgivar i NLR innan HMS og Bondens Nettverk.

16.45 **Positivitet i landbruket og Strategiplan NBS og levande lokallag og rekruttering**

ved Margrethe Figved, organisatorisk nestleiar NBS

17.05 Pause

17.15 **Gruppearbeid:** NBS sin strategiplan og levande lokallag

18.00 Oppsummering av gruppearbeid. Diskusjon. Presentasjon av evt. uttalar.

18.30 Møteslutt

20.00 **Middag**

Sundag 16. mars

09.00 **Felles samling**

Gjensidige-avtalen, HMS.

Uttalar frå felles årsmøtesamling

11.00 **Laga går kvar for seg: Årsmøteavvikling**

13.00 Avslutning og lunsj

Innhald

SIDE 4: Leiaren har ordet

SIDE 6: Styret og tillitsvalde

SIDE 8: Styret 2024

SIDE 10: Fylkesstyret sitt arbeid

SIDE 16: Rekneskap 2024

SIDE 18: Landsmøte 2024 på Gardermoen

SIDE 20: Sentralstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag

SIDE 22: Portrettet: Bjørn Inge Flo

SIDE 26: Nyvald leiar i Sunnfjord BS, Ragnhild Kjøsnes

SIDE 28: Haustsamling 2024

SIDE 34: Drifta på ein vestlandsgard 2025

Omslagsfoto: Silja Juklestad





Leiaren har ordet

Eit aktivt år

KJÆRE MEDLEMMAR.

ÅRET ER OMME, og styret har verkeleg fått brynt seg. Personlege utfordringar, frå sjukdom til fjøsbrann, har påverka oss. Likevel er eg stolt av korleis vi har stått saman og fått ting til å fungere.

LANDBRUKET er ryggrada i samfunnet vårt og gir dei essensielle ressursane vi treng for å oppretthalde liv og økonomi. Som leiar av ein landbruksorganisasjon er det både eit privilegium og eit ansvar å leie næringa gjennom utfordringar og innovasjonar. Vår rolle er å sikre at landbruket forblir levedyktig og berekraftig for framtidige generasjonar, samtidig som det tilpassar seg det skiftande globale landskapet.

NORSK LANDBRUK står overfor mange utfordringar, men også store moglegheiter. I dag ser vi eit landskap prega av både berekraftige initiativ og press frå internasjonale marknader. Den aukande interessa for lokalprodusert mat har ført til ein renessanse for småskala produksjon og kortreist mat, noko som gir oss sjanse til å styrke både økonomien

og fellesskapet vårt. Samtidig møter vi store utfordringar, som klimaendringar som påverkar avlingane våre, og kostnadsauke på innsatsfaktorar.

FOR Å SKAPE meningsfull endring, må vi fokusere på nokre nøkkelområde: 1. Utdanning: Kontinuerleg læring for bønder er viktig for å ta i bruk ny teknologi som aukar produktivitet og berekraft. 2. Innovasjon: Investering i forskning kan føre til nye berekraftige jordbruksteknikkar. 3. Støtte: Retningslinjer som gir økonomisk støtte til bønder er avgjerande. 4. Samarbeid: Sterke nettverk mellom bønder og forskarar fremjar kunnskapsutveksling. 5. Marknadstilgang: Bøndene må ha tilgang til rettferdige markadar for å sikre levebrødet sitt.

DET ER VIKTIG å hugse at framtidas landbruk er avhengig av vår evne til å stå saman. Vi må bygge bru mellom generasjonar og ulike typar landbruk for å skape eit inkluderande fellesskap. Eg oppfordrar alle til å delta på medlemsmøte, dele erfaringar og bygge eit sterkt fellesskap. Samhaldet vårt vil vere nøkkelen til å navigere i dei utfordrande tidene

som ligg framfor oss. La oss saman finne løysingar og støtte kvarandre i arbeidet for eit berekraftig og blomstrande landbruk.

LOKALLAGA er hjartet i organisasjonen, og ein viktig møteplass. Denne møteplassen blir stadig viktigare når det blir glissnare mellom bruka. Det gjere godt å kunne møtast, preike saman og bygge ein felles arena. Samhald og framsnacking er grådig viktig.

EG VIL TAKKE for moglegheita til å leie dette fellesskapet i mitt korte verv. Eg ønskjer det komande styret lykke til med arbeidet vidare, og ser fram til å sjå korleis vi saman kan forme ei lysare framtid for norsk landbruk.

EG VIL GJERNE ta eit augeblikk til å takke alle dykk i styret for den fantastiske innsatsen de har lagt ned. Fyrst og fremst vil eg rette ein spesiell takk til Hanne for jobben ho har gjort som styreleiar fram til januar i år. Hennar leiarskap dei siste to åra har vore uvurderleg, og det er ingen tvil om at ho har sett sitt preg på fylkeslaget. Hanne, vi ser fram til å følgje deg vidare på di ferd!

STYRET VÅRT HAR vore ei imponerende samansetning av ulike personlegdommar og kvalifikasjonar,

noko som har bidratt til ein variert tilnærming og mange forskjellige vinklingar i arbeidet vårt. Håkon, du har ein bemerkelsesverdig evne til å bevare roa, uansett situasjon, og din tilstedeverelse har vore ei trygghet for oss alle. Bjørn Inge, du har ein unik evne til å dra ein vits som verkeleg løfter stemninga, samtidig som du klarer å halde diskusjonen gåande på ein konstruktiv måte. Eli, din varme og kunnskap har vore ein stor ressurs for oss, og vi set stor pris på ditt engasjement.

ODD KÅRE, du er ein sann eldsjel for landbruket. Di kløkt og djupnekunnskap har vore uvurderleg, og vi har alle lært mykje av deg.

TIL SLUTT vil eg gi ei ekstra stor takk til fylkeslaget sin eigen bauta, Karen. Du gjer ein kjempejobb med å halde trådane og folk saman, og din innsats er heilt essensiell for fellesskapet vårt.

TAKK TIL KVAR og ein av dykk for dykkar bidrag! Saman har vi skapt eit sterkt og inkluderande styre, og eg ser fram til fortsettelsen. La oss så frø av håp i dag, for ein rikeleg haust i morgon.

Med venleg helsing
Nina Sofie Gjelsvik

Styret og tillitsvalde

FYLKESSTYRET 2024:

LEIAR: Hanne Bjerkvik (til 31.12.2024)
Furenesvegen 48, 6967 Hellevik i Fjaler
Mobil: 482 58 256
E-post: hmbjerkvik@gmail.com

NESTLEIAR: Nina Sofie Gjelsvik – LEIAR frå
1.1.2025
Åmotsvegen 177, 6977 Bygstad
Mobil: 971 94 958
E-post: ninagjel@online.no

STYREMEDLEM: Håkon Langeland
Guddalsvegen 1729, 6966 Guddal
Mobil: 988 14 412
E-post: haakon_86@hotmail.com

STYREMEDLEM: Bjørn Inge Flo
Flovegen 912, 6783 Stryn
Mobil: 415 10 801
E-post: bjorn.inge.flo@eninvest.net

STYREMEDLEM: Eli Berge Ness
Gaularfjellsvegen 550, 6978 Viksdalen
Mobil: 958 66 050
E-post: eli.ness@online.no

STYREMEDLEM: Odd-Kåre Flølo Eide
Eidsvegen 56, 6823 Sandane
Mobil: 908 24 355
E-post: eidelandbruk@live.com

LOKALLAG:

AURLAND BS:
Håvard Vidme
Vidmevegen 3, 5743 Flåm
Vidme_@hotmail.com / 921 32 530

BREMANGER, FLORA OG VIK BS:
Kontakt fylkeslaget ved fylkessekretær
sognogfjordane@smabrukarlaget.no

EID, SELJE OG VÅGSØY BS:

Kontaktperson: Geir Midnes,
Lotevegen 737, 6778 Lote
gemid@live.no / 905 22 188

GLOPPEN BS:

Ester Løvland,
Kandalsvegen 1071, 6823 Sandane
ester@gloppen.net / 454 72 380

HYLLESTAD OG FJALER BS:

Brit Inger Skaar,
Skorsvegen 563, 6953 Leirvik i Sogn
bi-skaar@online.no / 941 94 307

HØYANGER BS:

Jarle Martin Håland,
Ikjefjord 261, 5962 Bjordal
jarle.haland@eninvest.net / 466 65 815

LUSTER BS:

Olav Harald Alme,
Lomheim 4, 6869 Hafslø
olavharald.alme@gmail.com / 915 32 775

SOGNDAL OG LEIKANGER BS:

Olav Nesse,
Gorvinsvegen 8, 6856 Sogndal
olane@online.no / 977 72 828

STRYN BS:

Ingolf Folven,
Strynevegen 2837, 6798 Hjelledalen
if-juen@hotmail.com / 481 31 838

SUNNFJORD BS:

Karen Hornnes,
Hornnesvegen 113, 6801 Førde
karen.hornnes@eninvest.net / 481 67 076

VALNEMND 2024:

Olav Harald Alme, Luster BS
Marit Milde, Sunnfjord BS
Geir Midnes, Eid, Selje og Vågsøy BS



SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

Lease i staden for å kjøpe?

Skal du kjøpe nytt utstyr? Snakk med oss om leasing! På ssf.no kan du prøve lånekalkulatoren vår og ta kontakt med ein rådgjevar. Saman finn vi den beste løysinga for bedrifta di.

ssf.no



Hanne Bjerkvik

Buset: Fure i Fjaler
Hyllestad og Fjaler BS

Produksjon: Ammeku

Oppvekst: Saltstraumen
i Nordland, flytta til Fjaler
sommaren 2020

Utdanning: Fagbrev
som institusjonskokk

Verv: Fylkesleiar Sogn
og Fjordane Bonde- og
Småbrukarlag fram til
31.12.2024, ordførar i NBS
fram til nov. 2024

Arbeid: Jobbar som
kokk utanom drifta

Kvifor NBS? Det er ein
organisasjon med ei
sterk stemme for å ut-
nytte mangfaldet i norsk
landbruk, som ser norsk
landbruk i eit solidarisk
perspektiv og som er ein
organisasjon som kvar
dag kjempar for at også
dei små og mellomstore
har livets rett.



Nina Sofie Gjelsvik

Buset: Åse, Bygstad
Sunnfjord BS

Produksjon: Ammekyr,
geit, sau og juletre. Driv
økologisk.

Oppvekst: Åse, Bygstad.

Utdanning: Agronom-
utdanning, saum og
kunstfag, samt norsk,
samfunnsfag og
religionsfag frå
Høgskulen i Volda.

Verv: Nestleiar Sogn
og Fjordane Bonde- og
Småbrukarlag, leiar i
SFBS frå 1.1.2025.

Arbeid: Driv garden, med
dagleg drift og litt turis-
me, juletregård og butikk,
samt eige elektrofirma
saman med sambuar.

Kvifor NBS? Eg ønskjer eit
landbruk over heile lan-
det, der det er sjølvsgatt
at alle skal med. Eg vil
ha levande bygder med
ringverknaden av dei
små bruka og busetnad
som held barnehagen,
skulen, butikken og
hjørnesteinsbedrifter
levande. Eg ville stå i
eit faglag som ikkje er
redd for motvind, og
med takhøgde for at alle
stemmer skal høyrast.



Håkon Langeland

Buset: Guddal
Hyllestad og Fjaler BS

Produksjon: Melke-
produksjon

Oppvekst: Fødd og
oppvokst på garden eg
drive.

Utdanning: Agrotek-
nikkar (Fagskule)

Verv: Styremedlem
Sogn og Fjordane Bon-
de- og Småbrukarlag,
3. vara til styret i NBS.

Arbeid: Melkebonde

Kvifor NBS? Fordi NBS
jobbar FOR bonden og
ikkje imot bonden.



Bjørn Inge Flo

Buset: Flo, Stryn
Stryn BS

Produksjon: Ammekyr
og sau

Oppvekst: Flo i Stryn

Utdanning: Grunnskule

Verv: Styremedlem Sogn
og Fjordane Bonde- og
Småbrukarlag frå 1. mai
2024

Arbeid: Driv og eit
tømrarforetak, i tillegg til
gardsdrifta.

Kvifor NBS? Eg synest
politikken til NBS treff,
både lokalt og nasjonalt.
Det er lett å kjenne seg
att i problemstillingane
som laget løftar fram.
I tillegg er det ein kort
veg frå medlem til leiing,
om det er saker ein vil ha
tatt opp. Kort veg syner
seg og att i at ein ikkje er
redde for å ta kampane
når dei er der, framfor å
gå inn i lange politiske
prosessar med horison-
tar som ikkje hjelper av-
skalninga i norsk jordbruk.



Eli Berge Ness

Buset: Viksdalen
Sunnfjord BS

Produksjon: Sau

Oppvekst: Gardsbruk i
Oppstryn. Mjølk, og ein del anna
i tillegg.

Utdanning: Adjunkt med
tilleggsutdanning

Verv: Styremedlem Sogn og
Fjordane Bonde- og Småbru-
karlag frå 1. juni 2024

Arbeid: Sauebonde, og lærar
ved Viksdalen skule

Kvifor NBS? Eg melde meg
inn då bondelaget meinte det
var positivt at bønder la ned,
slik at heiltidsbønder som ville
eksandere kunne legge desse
bruka til eige bruk og vekse
seg større. Det bryt med mitt
grunnsyn om at vi treng fleire
hender i jordbruket for å få
levande bygder, og halde oppe
infrastrukturen i bygdene med
barnehage, skule og butikk. Det
må bu folk der jorda er.

Eg er også oppteken av mat-
tryggleik. Slagordet «Norsk mat
i all æve seier mykje. NBS har
hatt tillitsvalde som har sett ting
i samheng, og vore opptekne
av solidaritet. Det er viktig for
meg at ein har tillitvalde som
tenkjer lenger enn til seg sjølv.



Fylkessekretær

Karen Hornnes

Buset: Hornnes i Førde
Sunnfjord BS

Måtte gje opp bon-
deyrket då garden vart
tatt til tomtefelt.

Aktiv pensjonist.

Verv: Lokallagsleiar
Sunnfjord BS, styrevert
i Førde Ul og Førde
historielag, leiar for
skriftstyret i historie-
laget.

Arbeid: Tilsett i 25
prosent stilling som
fylkessekretær sidan
2023.

Utdanning: Agronom
og div. fag innan
økonomi Bl.

Kvifor NBS? Då vi over-
tok garden i 1985 var
det naturleg å melde
seg inn i eit faglag, og
valet falt lett på NBS.
NBS har vore ein god
skule dei åra eg har
vore med i laget.

Årsmelding 2024

Fylkesstyret sitt arbeid

I løpet av første månadane i arbeidsåret vart det endringar i styret. Per Helge Helgesen og Håvard Vidme ba om permisjon frå styret. Dette medførte at Bjørn Inge Flo og Eli Berge Ness vart faste styremedlemmar i laget.

Nestleiar Nina Sofie Gjelsvik var fast medlem i representantskapet i NBS fordi Hanne var ordførar i NBS. Kontaktperson til kvinneutval er Nina Sofie Gjelsvik. Ingolf Folven er medlem av kontaktutvalet for rovvilt.

Hanne Bjerkvik måtte av private årsaker trekkje seg frå leiervet og styret ved årsskifte. Nestleiar Nina Sofie Gjelsvik overtok som

STYRET 2024
valde på Årsmøte
10. mars 2024

Hanne Bjerkvik
– leiar –
Nina Sofie Gjelsvik
– nestleiar –
Håkon Langeland
– styremedlem –
Håvard Vidme
– styremedlem –
Per Helge Helgesen
– styremedlem –

Bjørn Inge Flo
– 1. vara –
Eli Berge Ness
– 2. vara –
Odd-Kåre Flølo Eide
– 3. vara –

leiar frå 1.1.2025. Odd-Kåre Eide Flølo vart frå då fast styremedlem.

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag hadde ved

årsslutt 12 lokallag med totalt 387 medlemmar. Ved årsslutt 2023 hadde vi 382 medlemmar, so det er fortsatt litt auke i medlemstalet.

Årsmøtet 2024 vart halde på Scandic Hotell Voss 9.-10. mars 2024, fellesmøte med Hordaland Bonde- og Småbrukarlag. Hordaland BS som teknisk arrangør.

Fylkesleiar i Hordaland BS Leif Grutle, lokallagsleiar i Voss BS Nils Martin Seim og varaordførar i Voss Herad Iril Schau Johansen (H), ynskte velkomen til Voss og felles årsmøtesamling.

Som innleiarar på fellesmøtet på laurdagen var: Irene og Anders Dalland

– Klima og karbonlagring, Generalsekretær i NBS Anton Langeland – Lausdriftskravet og Dyrevelferdsplanen, Per Olaf Lundteigen – Norsk mat på norske ressursar og Lise Saga.

Middag og sosialt samvær på hotellet.

Sundagen starta med: Gjensidigeavtalen. Åse-Marie Reiseter gjekk gjennom avtalen. Deretter uttalar. Dei to laga vart samde om 4 uttalar frå årsmøtet.

Til slutt heldt dei to laga sine respektive årsmøte kvar for seg. Årsmøtet i SFBS hadde mange gode og nyttige innspel til ein arbeidsplan med gode planar og arbeidsoppgåver for året 2024. Det aller meste av planen er gjennomført.

Det har gjennom året vore kontakt mellom fylkesstyret og lokallaga. Møta har vore på teams. Bra oppmøte og gode tilbakemeldingar og innspel til aktuelle saker.

Ein har arbeidd godt mot og har hatt møte med Statsforvaltar, fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Mykje



Eit hav av planter hos Håkon.
Foto: Hanne Bjerkvik

av kontakten og arbeidet er innan Partnerskapet, som er samansett av Statsforvaltaren, Vestland Bondelag, Hordaland BS og Sogn og Fjordane BS. SFBS har eit godt samarbeid med Hordaland BS. Styret har hatt 16 styremøte der 4 av møta har vore fysiske. Dei andre møta har vore digitale. 39 saker har vore handsama. SFBS har etter kvart vorte meir etterspurde i media. Vi har vore refererte i Firda, har hatt innlegg i Nationen.

SFBS har i 2024 hatt tre større medlemsarrangement. Laget skipa markvandring i rosehagen til Håkon Osland 13. juli. Vi starta dagen med å gå rundt i den fantastiske hagen til Håkon. Her var blommar i mange fasongar og fargar. Håkon har ei levande



Den største eina i Nord-Europa. Foto Nina Gjelsvik

interesse for vekstane og han viste oss rundt i hagen og fortalde om arbeidet sitt med produksjon av ulike rose- og blomeartar. Vidare var Gjensidige med Ole Johan Hegrenes med og han hadde grundig gjennomgang av forsikringsavtale, med fokus på HMS. Han fekk mange gode spørsmål og innspel frå tilhøyrarane.



Åse-Marie takkar av Leif Grutle som leiar i Hordaland BS.



Fylkesårsmøte 2024. Foto Åse-Marie Reisæter



Frå Storaksjonen i Oslo. Fire unge deltakarar. Frå venstre: Emma-Linea, Liam Eivind, Michelle og Daniel Langeland.

landbruk over heile landet med korleis kapitalavkastning vert krevd?

God og engasjert innleiing av Frank. Og han greidde å engasjere alle dei frammøtte. Det vart ein god og nyttig debatt.

Deretter innleia Frank Valø og Hanne Bjerkvik om Innspel til jordbruksforhandlingane 2025. Enkel og god innleiing

Nina Sofie Gjelsvik fortalte om sitt liv som bonde på Åse, og om dei allsidige produksjonane hennar. Og ikkje minst om den tragiske brannen i mai. Etter møtet var vi på ein liten tur og såg Nord-Europa si største eine. Haustsesongen vart starta med eit medlemsmøte på Mo der Frank Valø, fylkesleiar Troms BS, var innleiar. Tema var kanaliseringsspolitikk og innspel til jordbruksforhandlingane 2025.

- Kan rett kanaliseringsspolitikk gi jamstilling innad i næringa?

Kvifor kanaliseringsspolitikk? - Rettferdig kanaliseringsspolitikk - Normal avling i fme - Dagens politikk - Kan jorda gje jamstilling? - Sikrar vi



Nina Sofie Gjelsvik frå slåttedag på Sunnfjord Museum.

til JF25 av Frank og Hanne. Hanne inviterte til konkrete innspel frå lokallag og medlemmar. Møtedeltakarane kom med gode innspel om prioriteringar til JF25.

Eit godt og lærerikt møte. Passa med innemøte ein slik regnversdag. Godt frammøte. Det største arrangementet i laget var haustsamlinga i Hafslo som gjekk over ei heil helg. Gode og engasjerande møtedagar. Her var det ope for alle. God oppslutnad frå nærområdet. Erfaringa tilseier at det var ei vellukka samling. I løpet av tre dagar hadde vi 12 dyktige innleiarar. På laurdagen reiste vi til Veitastrand der vi vitja ein mjølkebonde og ein geitebonde som også driv Veitastrand Gardsysteri. Laget var medarrangør til 'Mening, mat og mot' i Førde 30. april. Ein heilkveld der matsikkerheit, forbrukarmakt, beredskap og betydninga av levande lokalsamfunn og det å løfte ilag stod på programmet. På scena stod siviløkonom, forbrukarane si vaktbikkje og daglegvarekjedane sin store skrekk Anders Nordstad: "Det er maten VÅR for pokker!" Bastionen på Stortinget og distriktas talsperson Per Olaf Lundteigen:

"Vi må tørre å si det som er sant!" Mjølkebonde Silje Åsnes Skarstein: "Verda har blitt rablande gal!" Initiativtakar til grasrotbevegelsen Mening, Mat og Mot og fagperson i Internasjonal matsikkerheit Edel Urstad: "PRI NR 1!" Kvelden vart dyktig leia av Torkil Sandsund, kulturinnslag ved Sigrid Felde og Naustedalen Spelemannslag. Håkon Langeland og Aud Slettehaug var initiativtakarar til arrangementet.

Vi arrangerte også busstur til Oslo i samband med storaksjon i Oslo for maten vår 17. - 18. april. Ei busslast frå Sogn og Fjordane + elevar

frå Voss reiste for å delta i aksjonen.

Sunnfjord museum viser frå tid til anna fram korleis det vart hausta gras tidligare. I år inviterte vi oss sjølv med på denne dagen. I Movikja var alt lag til rette for ein dag med å sette opp hesjar, hesten kom og var utstyrt med dåtidas moderne slåmaskin. Heldigvis dukka det opp mange som ville hesje også. Nina og Hanne formidla informasjon om slått før og no, samt at dei fletta høydokker som skulle vere til underhaldning for borna på garden.

Jordbruksforhandlingane 2024 vart gjennomført med



God diskusjon rundt kaffibordet.

forhandlingar som vanleg og vart avslutta med avtale. Staten sitt tilbod vart lagt fram for partane måndag 6. mai. Tilbodet hadde ei råde på 2,6 mrd. kroner. 16. mai presenterte partane ei avtale. Avtala hadde ei råde på 3,015 mrd. kroner.

SFBS har gjeve innspel til høyingar om JF 24 og ny gjødsel foreskrift. Laget har også gjeve innspel til Vestland fylkeskommune til JF 25.

Ei viktig sak som fortsatt opptek styret er 2024- og 2034-krava. Dette er ei sak som er utruleg viktig for vestlandsbonden. For mange bønder kan dette kravet vere 'kroken på døra'.

Saker som styret ikkje har fått jobba med er Ærlege tal 2.0 og rett talgrunnlag, og arbeidet med sovande lag.

Landsmøtet 2024 vart i år halde på Gardermoen. Eit stort og godt gjennom-

ført landsmøte. Sogn og Fjordane hadde 8 utsendingar inkl. ein ungdomskandidat. Fleire av delegatane var også på talarstolen. I tillegg var fylkessekretær Karen Hornnes, Bjørn-Inge Flo SFBS og 1 observatør der. Eit ryddig og godt gjennomført landsmøte.

Styret har hatt eit innholdsrikt år med mange gode oppgåver til styrke for jordbruket i Sogn og Fjordane.

TIL LANDBRUKET LEVERER VI

- Brannvarslingsanlegg
- Elektriske installasjonar
- Internkontroll på el- og brannvarslingsanlegg
- Termografering



 Sunnfjord
Elektro AS
EL-PROFFEN

Ta kontakt på
478 36 160 eller
post@sunnfjordelektro.no

GAH2018














AASE LANDBRUK AS

Aase Landbruk er importør og leverandør av en rekke kjente merkevarer. Vi har fokus på kvalitet og effektivisering for bonden - i tillegg til fornuftige priser og god service.

Med fire avdelinger i spredt nasjonalt - kan vi levere utstyr til deg uansett hvor i landet du befinner deg.

Ta kontakt for veiledning og tilbud!


<https://www.aaselandbruk.no/>


46815128


aase.landbruk.as

RESULTAT

Driftsinntekter	31.12.2024	31.12.2023	note	budsjett 2025
Salsinntekter tenester	1 500	1 400		2 000
Kontingent	192 811	133 152		193 000
Meining, mat og mot	78 500	-		
Årsmøte SFBS	10 990	26 605		10 000
Salsinntekt årsmelding	39 000	39 500		38 000
Støtte frå Gjensidige	60 335	7 500		30 000
Andre inntekter	30 912			10 000
Sum driftsinntekter	414 048	208 157		283 000
Drifteskostnader				
Løn til ansatt	80 000	86 448		80 000
Lønstilskot fylkessekretær	-38 000	-35 000		-38 000
Godtgjering til styre og tillitsvalde	10 000	10 000		10 000
Frikjøp tillitsvalde / verving				10 000
Sum lønningar og godtgjersle	52 000	61 448		62 000
Arbeidsgjevaravgift	-	-		-
Sum arbeidsgjevaravgift	-	-		-
Gåve til tilsette, ikkje frådragsberetta	-			3 000
Andre personalkostnader	-			3 000
Leige lokalar	26 336	24 593		28 000
Profilering	3 179	12 569		10 000
Arrangement	97 312	30 683	1	50 000
Meining, mat og mot	113 314			
Spleis NBS/fylka	2 500	5 000		5 000
Kontorrekvisita	4 783	4 442		5 000
Datakostnad	2 018	6 016		3 000
Landsmøte	13 280	11 034		15 000
Aviser, tidsskrift, bøker, trykksak o.l.	20 325	12 502		21 000
Møte, kurs, oppdatering o.l.	5 343	887		15 000
Årsmøte SFBS	42 227	59 821		45 000
Porto				-
Reisekostnad	2 450			10 000
Kontingentar/gåver	1 740	7 031		5 000
Forsikring		708		1 000
Bankgebyr	240	199		250
Annan kostnad	6 176	2 096		5 000
Sum andre kostnader	341 222	177 581		218 250
Sum driftskostnader	393 222	239 029		283 250
Driftsresultat	20 826	-30 871		-250
Renteinntekt	277	244		250
Anna finansinntekt				
Finansinntekter	277	244		250
Rentekostnad				
Finanskostnader				
Resultat	21 103	-30 627		-

Note 1: Gjeld Buss til Oslo og haustsamling

BALANSE

Eigedelar	31.12.2024	31.12.2023
Kundefordringar	1 500	2 685
Mellomkonto	24 667	
Brukskonto	231 233	231 766
Bankinnskott skattetrekk	0	1 846
Sum eigedelar	257 400	236 297
Gjeld og eigenkapital		
Annan eigenkapital	-236 297	-266 925
Forskotstrekk		
Udekkta tap	-	
Sum gjeld og eigenkapital	-236 297	-266 925
Udisponert resultat	21 103	-30 627
Sum eigenkapital og gjeld	257 400	236 297





TOPLAC[®] SAU FIBER

- DI LØYSING I LAMMINGA

- Høgt fiberinnhald
- Sikrar høg mjølkeproduksjon trass fibermangel
- Skånsam for vomma trass høge kraftfør-rasjonar
- Svært god smaklegheit

www.fiska.no


Landsmøte 2024 på Gardermoen

Marit Milde

Sogn og Fjordane stilte med utsendingar frå fleire lokallag i tillegg til fylkessekretær og styre på det 95 landsmøtet til Norsk Bonde- og Småbrukarlag på Clarion Congress Hotel på Gardermoen helga 15.-17. november 2024.

Det møtte utsendingar frå heile landet frå Finnmark i nord til Agder i sør, ilag med inviterte innleiarar og landsstyre, media og besøkande.

Lørdag

Dagen starta med ei kort velkomstale til landsmøtet v/ leiar Tor Jacob Solberg. Sentrale tema her var alliansebygging og betydninga av "Vi et rundt same bord". Deretter var det helsingar frå fleire lag og organisasjonar, m.a. Fellesforbundet, Bygdekvinnelaget, Spire, Nei til EU, Økologisk Norge, Bondelaget, Rødt og Ruralis med fleire. Talgrunnlaget, ærlege tal og sjølvforsyning blei også lagt vekt på.

Vidare sa Solberg at NBS budsjetterte med auka økonomisk stønad til fylkes- og lokallaga med bakgrunn i auka medlemsmasse og inntekter.

I *Generaldebatten* var fleire av utsendingane frå Sogn og Fjordane på talarstolen, Ingolf Folven frå Stryn BS hadde også temaet ærlege tal som fokus i tillegg til klima og utfordringane i å drive med geit og nedgangen i inntekta. Jarle Martin Håland frå Høyanger BS fokuserte mellom anna på småbrukstilskot.

Lørdagen blei avslutta med festmiddag der kjøt frå

norsk storfe blei servert. Eit rikholdig program med spel og sang avslutta kvelden. Per Olaf Lundteigen vart utnemnd som æresmedlem i NBS.

Søndag

Fokus var uttalar, prinsippprogram og politisk plattform. Bruk av beite og utmark, gjerdehald, rovviltproblematikken, Mattilsynet, Grønt Spatak var saker som blei debatterte. Aina Bartmann frå



Opning av Landsmøte i NBS. Foto: Marit Milde



Ingolf Folven Foto: Marit Milde

GMO-nettverket, samt MDG kom med sine helsingstaler.

Uttalar frå LM

Minimum 50% sjølvforsyning i Norge.

Då må følgjande ligge til grunn:

- Økonomisk jamstilling basert på ærlige tal.
- Omlegging til prosenttoll og utvidelse av tollvernsperioden
- Produksjonsregulering i alle produksjoner.
- *Staten tek økonomisk ansvar for marknadsreguleringa for norskproduserte varer.*

Etter lunsj blei dørene stengde og det var tid for val.

Her blei **Tor Jacob Solberg** einstemmig attvald med ståande applaus for tredje år på rad. Med seg i styret får han:

1. Marianne Lunåsno - politisk nestleiar
2. Margrethe Figved - organisatorisk nestleiar



Utsendingar og observatørar frå SFBS på Landsmøtet. Frå v. Rasmus Dragesæet, Karen Hornnes, Gunnar-Arne Haaland, Jarle Martin Håland, Ragnhild Kjøsnes, Bjørn Inge Flo, Margaret Skaare, Ingolf Folven og Ivar Frøysland. Håkon Langeland og Marit Milde ikkje på bildet. Foto: NBS

Styremedlemmar:

Ståle Støen, Rakel Nystabakk, Ellen Marie Sørungård Syse og Ola Lie

Vara:

Thomas Harris, Aadne Ådneram, Håkon Langeland, Silje Skarstein og Sindre Måge.

Tor Jacob avslutta landsmøtet med ei energisk tale der han var innom tema kjedemakta, ærlege tal, nytenking rundt rettferdig matpolitikk og fred. Han la også vekt på Meining - mat og mot, som samlar fulle hus på sin rundtur i heile Norge.



Utsendingane frå Sogn og Fj. BS Foto: Marit Milde

Sentralstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag



TOR JACOB SOLBERG

Leiar
Mobil: 911 65 119

MARIANNE LUNÅSMO

Politisk nestleiar
Mobil: 958 49 230

MARGRETHE FIGVED

Organisatorisk nestleiar
Mobil: 932 44 599

STÅLE STØEN

Styremedlem
Mobil: 957 57 525

RAKEL NYSTADBAKK

Styremedlem

ELLEN MARIE

SØRUMGÅRD SYSE

Styremedlem
Mobil: 958 60 294

OLA LIE

Styremedlem
Mobil: 473 67 759

ÅSHILD CHARLOTTE MONSØ

Ordførar
Mobil: 481 43 362

PER-ANTON NESJAN

Varaordførar
Mobil: 907 38 869

VARAMEDLEMMAR TIL STYRET:

1. Thomas Harris
Mobil: 473 52 311
2. Aadne Ådneram
Mobil: 418 44 000
3. Håkon Langeland
Mobil: 988 14 412
4. Silje Skarstein
Mobil: 971 12 356
5. Sindre Måge
Mobil: 994 66 959



Rekneskap
Fjordane AS

ARS – Autorisert Rekneskapsførarselskap

- Rekneskapsføring
- Løn
- Eigne fagpersonar knytt til primærnæringa
- Eigarskifte
- Skybasert deling av arbeid mellom kunde/rekneskapskontor

KONTAKT OSS:
Sande 57 71 86 60
eller Førde 57 72 41 30

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Felleskjøpet

Tlf.: 72 50 50 50 • felleskjopet.no

Portrettet

Bjørn Inge Flo, Stryn



1. FORTEL LITT OM DEG SJØLV (OPPVEKST, FAMILIE, DRIFT, ARBEID, BUSTAD)

Eg har vakse opp i bygda Flo i Stryn. Litt grunna min fars tidlege bortgang so har eg enten ikkje kome lenger, eller berre blitt verande, alt etter korleis ein ser det. No er eg etablert her med samboar og 3 born. Garden er i seg sjølv av beskjedne størrelse, og drifta fram til far døydde i 2004 var begrensa til knappe 30 sauer og noko frukt. Etterkvart som andre bruk i bygda har valgt å avvikle husdyrhaldet so har eg drifta meir jord, gått opp og ned i sauetal og hatt ammekyr i varierende tal og av fleire rasar. No ligg

det på 50+ vinterfora sau og 15-20 kyr som kalvar. I alle år har eg kombinert drifta med arbeid utanom, der eg har drive eige foretak innan tømrar- og murarfag. Elles skal eg no frå 2025 gjere eit forsøk på å vere meir heime, og prøvar so langt eg klarar å seie nei til anna arbeid. I allefall so lenge sparepengane held. Det blir spennande å sjå korleis det går.

2. DU HAR BAK DEG EITT ÅR I STYRET I SOGN OG FJORDANE BS, KVA SIT DU ATT MED AV TANKAR?

Først og fremst har det vore intressant! Eg tenkjer at når ein kjem på fylkesnivå so møter ein andre som kanskje vil noko meir med vervet dei har sagt ja til. Men so er det òg mykje høyringar og kanskje uttalar, om saker som vi ikkje har god nok kjennskap til, spesielt geografisk. Vi skulle vore fleire å spele på når det kjem til å famne om heile Sogn og Fjordane. Pr no føler eg at vi saknar sogningane, og kanskje

dei frå kysten. Men medlemmar i styret kjem og går, og frå ein periode til ein anna kan ein ha fått ei ny samansetning med nye fjes frå nye regionar. Og apropos kjem og går, der må eg trekkje fram fylkessekretæren vår, som verkeleg er den som held styret i hop, til tross for eventuelle utskiftningar. Karen er verkeleg gull verdt for fylkeslaget vårt!

3. KORLEIS SER EIN "VANLEG" DAG UT FOR DEG?

No har no verkeleg dagane blitt endra, ref mitt nye og betre liv. Dagane startar eigentleg med å få ete frukost med ungane, og få dei på bussen kl. 08. I kalvingsperioden prøvar eg å få ein tur i fjøsen, helst frå 07 først. So er det fjøsstell med både kyr og sau. Det er noko anna med å kunne gjere det som trengst frå morgningen av, framfor å måtte gjere det mest nødvendige, for so å måtte ta att alt på kveldane slik som det var før, med jobb utanom i tillegg. Og so har det vore

ei ny erfaring for meg å kunne gjere gardsrelaterte ting på vinteren utan hovudlykt! Det har vore litt fint! For all del, hovudlykta må fortsatt på utpå ettermiddagen no på vinteren, men likevel. Tenk å kunne få gjere ting i dagslys! For ei glede! Ellers so skal no lamminga i gang, men ting går litt lettare når dagslyset strekkjer seg lenger. Eg brukar å seie til samboaren når ein stiller klokka ein eller anna gong i mars, at no snakkast vi til hausten, sidan det å få ein time ekstra dagslys er som ein brytar for å forlenge arbeidsdagen ytterlegare.

4. KVIFOR ER DU MEDLEM I NBS, OG KOR LENGE HAR DU VORE MEDLEM?

Eg har ikkje vore medlem so veldig lenge. Lurer på om eg meldte meg inn like etter at Tor Jacob vart valgt til leiar. Då kjente eg på det at no er det i ferd med å skje noko. No kunne det bli ei ny tid for fagлага for norsk jordbruk, og som eg, iallefall til å begynne med, ville vere med å støtte, og som eg seinare har fått vore ein del av. Det er verkeleg ein fin gjeng som eg tykkjer om

å vere ein del av, og som ein kan stå last og brast med! Og for å avslutningsvis låne ei setning av Henrik Ibsen: "Der nede famler de andre".

5. KVA TENKJER DU ER DET VIKTIGASTE FOR LANDBRUKET FRAMOVER?

Eg er absolutt av dei som meiner at vi må få orden på det nye talgrunnlaget. No har vi hatt det gamle sidan 1992(?), og eg vil ikkje vere med på å juble over det nye, fordi det er litt betre enn det gamle, so lenge det fortsatt er feil. Eg vil før ha eit rett grunnlag der politikarane må seie at dei ikkje vil at bønder skal ha inntekt som andre, framfor eit som er sminka til at vi plutselig er oppe på nivå,

utan at ein kjenner seg att i tal.

Vidare er eg blitt meir oppteken av at ein skulle hatt betre sosiale vilkår. Eg kjenner sjølv på all tid eg helst skulle hatt med borna, enten det er fotball, turn, hyttetur eller den slags. Det blir altfor ofte salderingspost pga at ein alltid er bunden opp til faste daglege gjeremål.

6. MUSIKK OG LITTERATUR?

Det blir lite av begge deler. For det meste går det i podcastar av typen jordbruk, nyheiter etc. Skal eg høyre noko musikk so må ein tilbake til 80- og 90-tals country kanskje. Rock frå same årgang kan og gå bra. Litteratur



av typen bøker er desverre fjernt for meg. Eg eig ikkje ro i kroppen til å lese ei bok for alt i verden. Ikkje klarar eg å konsentrere meg, og ikkje vil eg sitje stille.

7. HOBBYAR – OM DU HAR TID?

Nei, det er dårleg. Eg prøver å trene litt, om det kan kallast hobby, samt og prøve å få til nokre randonee turar på seinvinteren/våren. Men med vårkalving og lamming so er det litt begrensa. Og so er tida med ungane årsaka til dei andre prioriteringane eg nylig har gjort, so eg forsøker å setje dei framfor eigne sjølvrealiseringar.

8. HAR DU NOKO FØREBILETE/IDOL?

Vanskeleg spørsmål. Eg ser fleire som har gode verdiar, kvar på sin måte. Hadde eg berre kunne sett alle saman til ein person.. Det kunne blitt noko.

9. OM VENER SKAL BESKRIVE DEG, KVA SEIER DEI DÅ? – EL. KVEN ER DU I VENEFLOKKEN?

Eg håpar å bli beskriven som den hjelpsomme. Det skal mykje til for at eg seier nei til nokon. Som oftast set eg eigne ting på vent



for å hjelpe andre. Det kan ved fleire høve skape litt frustrasjon på heimebane. Blant kjende so er eg kanskje òg den som har ein litt (etter eigen oppfatning) morsom kommentar på ting.

10. NÅR DU SKAL SLAPPE AV?

Eg veit ikkje. Eg er ganske rastlaust, so eg er usikker på om eg slappar av so mykje. Feriar og slikt avgrensar seg til nokre få dagar, og uansett so føler eg at hovudet er att heime.

11. MAT TIL KVAR DAG OG FEST?

Eg likar helst tradisjonell norsk mat, om ein forsatt kan kalle det det. Rømmegraut, kjøttkaker, betasuppe, torsk osv. Det er nesten som at det er det som blir festmaten når det til kvardags endar opp med taco, pizza og liknande som skal vere

ferdig på 10-15 minutt. Eg skulle ønske ein hadde betre tid til å tilberede alt det norsk jordbruk har å by på, utan at det har vore innom ei slags prosessering i forkant.

12. FRAMTIDSDRAUM?

Lokalt, for mi eiga bygd, so håpar eg å sjå fleire som tek oppatt dyrehald på garden sin, sjølv om det sannsynlegvis vil bety at eg sjølv må ut i anna arbeid att. Det er kjedeleg, slik det er no, med berre eit par stykkje som skal drive jorda i heile grenda.

For familien håpar eg å få meir tid med borna. Eg har mange års etterslep å ta att, men eg håpar på ein slags tilgjenvad, og satsar på å sjå dei vokse opp til å bli skikkelege folk, med gode haldningar kanskje litt rikeleg med arbeidslyst.

Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for best mogleg økonomisk resultat frå din mjølkeproduksjon
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge
medlem.tine.no



Nyvald leiar i Sunnfjord BS, Ragnhild Kjøsnes

Eg flytta heim att til Kjøsnes i Jølster i 2022. Då hadde eg det siste tiåret vore lærar i nord. Då eg vaks opp på Kjøsnes var her mjølkegeit. Etter at foreldra mine pensjonerte seg frå mjølkeproduksjonen har det vore litt oksekastratar i fjøsen.

No driv eg, med god hjelp frå far og sambuar, og byggjer opp ei lita mjølkebesetning av vestlandsk fjordfe. I 2024 mjølka vi to kyr i sommarfjøsen i Kjøsnesfjorden og selde surmjølk.

Å auke opp litt på buskapen gjev nok betre samsvar mellom økonomien og tidsbruken, men vi satsar hardt på å halde oss så små som mogleg. Det meiner eg er det mest fornuftige så lenge innsatsen med å drive blir for lite verdsatt av samfunnet, samstundes som eg har eit ynskje om å ta vare på dei større verdiane i eit langt tidsperspektiv. Eg har ingen planar om å gjere noko større investeringar i driftsapparatet. Vi held



Lillemor og Engel kviler i Kjøsnesfjorden.
Foto: privat



Oppretthalde driftsapparat. Ny høygaffel kvart 40. år. Foto: privat

arbeidsmengda så låg at det kan gå som ein triveleg hobby å gjere mykje manuelt. Då har vi kapasitet til å prøve litt forskjelleg i tillegg til fjordfeet.

Vi har 50 mål dyrka mark som ligg rett rundt fjøsen. Den driv vi i praksis økologisk, berre utan godkjenning. Vi prøvar å ta vare på kulturlandskapet gjennom beiting, og å



Ragnhild og kje på foringsplassen juli 2024.
Foto: privat

nytte andre ressursar som fisken i vatnet og skogen.

Klypp frå Sunnfjord kommune si landbruksmelding:



Ragnhild og Ole ved Kjøsnesfjorden. Foto: privat

NÅR TO KYR ER NOK

Kjøsnes matauk er ein nykommar i lokal-matlandet, men rømmasken Ragnhild Kjøsnes og Ole Langvik-Hansen lagar frå mjølka til fjordfe-kyrne Lillemor og Engel får folk til late att augene og tenke på sommardagar på støylen for lenge sidan.

Kva er drivkrafta di bak Kjøsnes matauk, Ragnhild?

Det er viktig å ta vare på kunnskapen som finst om korleis ein kan ernære seg her. Å halde fram med å gjere det andre stadar, til dømes ved å utvinne fosfor i afrikanske gruver, sende det til Brasil for å dyrke plantar, sende plantane hit og sleppe mykje av det rett i havet, veit vi alle at ikkje går i lengda. Eg drøyer om at alle som et mat skal oppdage kor stort samfunnsproblem det er at vi har blitt lurt av daglegvarekjedane til å tru at mat bør vere billig. At vi skal forstå at kva vi et er viktig for samfunnet vårt, for det biologiske mangfaldet, landskapet, tryggleiken, helsa og identiteten. At vi, både som enkelt-menneske og som samfunn, blir villige til å betale for kvalitet. Ein tomat kan vere verdt titals gongar så mykje som ein annan både når det kjem til smak, næringsinnhald og kva verknadar produksjonen har hatt på miljø og samfunn.



OVER 650 LOKALMATPRODUSENTER SOM LEVERER 6000 PRODUKTER

TAKK, KJÆRE BØNDER!

Takket være deres harde og verdifulle innsats, har vi i SPAR kunnet tilby kundene våre førsteklasses norske råvarer og lokale spesialiteter – alt sammen produsert av fantastiske norske bønder.

Tusen takk til hver og en av dere!
Hilsen oss i SPAR

Estimert omsetning for SPAR og EUROSPAR 2022


295 SPAR og
EUROSPAR-butikker


3 600 tonn
egg


21,5 millioner
liter melk


3 100 tonn
kylling og kalkun
(ferst, fryst og varmeskap)


10 800 tonn
poteter og grønnsaker


9 500 tonn kjøtt
(røkt, pølser og kjøttpølegg)

Haustsamling 2024 - 25.-27. oktober i Hafslo med

TEMA: BEREDSKAP, RESSURSFORVALTNING, UTMARKSBEITE OG JUS.

Hanne Bjerkvik ynskta alle velkomne til haustsamlinga. Det var godt frammøte. Saman hadde vi ei kjempekjekk helg, med fagleg påfyll, sosialt, gode samtalar, gode diskusjonar og mykje latter.

Med oss hadde vi gode føredragshaldarar som inspirerte, engasjerte og svarte på spørsmåla våre.

Utmarksbeite – ressursgrunnlag og beitebruk – av Yngve Rekdal, 'beitegranskaren' og seniorrådgjevar Nibio.



Yngve kan kunsten og engasjere og lære frå seg kunnskap på ein lett og lystig måte. Slik kunne vi hauste av hans kunnskap og ta den med oss i eiga

planlegging av beitebruk til våren att.

Tre marktypar: -Lav- og lyngrik mark – mindre godt beite, Blåbærmark – godt beite, Gras- og utrerik mark – svært godt beite



Utmarksbeite – rettar og plikter, konflikter – av Sæmund Stokstad frå Jordskifteretten i Sogn og Fjordane

Gjeldande lover frå 1961: Grannegjerdelova og Beitelova

Viste til dommar for husdyreigarar.

Utan tvil eit av dei mest engasjerande innlegga som vakte flest spørsmål frå salen. Dette er nok eit tema

vi kan ta fram att fleire gongar og med meir tid til diskusjon og spørsmål. Vi håpar dykk fekk svar på noko av spørsmåla. Er tema ønska på nytt så gi styret eit signal om det.

Gjerdeplikt og konflikter, løysning og 'Ærlege tal 2.0' og NBS og framtidsplanar – av Thor Håkon Føreland – Advokat – NBS

Deling av kostnad etter nytte

Gjerdeskjønn – bruksordning (kontroll på kostnad)

Informerte om arbeidet med Ærlege tal 2.0 og korleis formidle dette ut til alle.

Grovfôr dyrking og klima – av Åsmund Kvifte – Nibio



Utslepp frå landbruket: Metan, Lystgass, CO₂ som kjem frå: gjødsel, husdyr, dyrka myr

Klimaendringar som har vore: - Endringar i vekstsesongen – tidlegare vekststart

Klimaendringar som kjem: - Meir nedbør og auka temperatur

Korleis kan vi utnytte ein lenger vekstsesong? Hausten er ofte for våt – I alle fall for slått. Enklare å utnytte tidlegare vår – I verste fall kjem ein seg i gang til vanleg tid

Type gras? Viktig med gode sortar. Sortar som er dårleg tilpassa Vestlandet yter mindre eller går tidlegare ut

Snyltedyr - av Atle Domke – Førsteamanuensis/ veterinær (teams)

Det er ikkje ofte ein møter nokon som kan snakke so inspirerende og engasjerende om parasittar. Diverre fekk dei sjukdom i hus, så foredraget vart helde på teams.

Korleis vi skal ruste oss for klimaendringar og korleis det påverkar parasitten sitt liv er verkeleg verdt å få med seg.

Kva er ein parasitt? Parasitter lever på andre dyr

Samfunnsendringar i landbrukstrukturen
• Beiteutnytting er betre ved vekselbeiting mellom dyreslag • For å kontrollere parasitter i mage og tarm er det ofte ein fordel at fleire dyreslag beiter saman eller vekselvis – Storfe og småfe – Hest og småfe – Storfe og hest – unngå sau og geit på same beite!

Økonomi og grasproduksjon - av Arve Arstein – NLR



Kva påverkar grovfôrprisen?
• Avlingsmengde pr. daa • Maskinkostnader • Dyrt utstyr og låg utnyttingsgrad • Doble haustelinger • Variable kostnader (gjødsel). Ikkje så ille situasjon haust 2024 jf. siste 3 åra. • Transport (husdyrgjødsel og fôr). Kapasitet er avgjerande for kostnaden. • Beiteskade

av hjort • Tørrstoff% i hausta gras • Rett pH (kalk) og ugrasmengde (avling)

Samarbeid reduserer kostnader! Hugs!

Felles maskinpark eller køyre leigekøyring. Det viktigaste for å få gode rundballar, er at det er godt fortørka.

Bonden sin økonomi – av Erling Normann Berge – eksbonde, pensjonist og oppfinnar



Første leiar i Kyrkebo avløysarlag som var første avløysarlag i Bergensmeieriet

Oppfinnar av Berge grasfordelar

Erling har samla dokumentasjon og rekneskapstal gjennom mange, mange år. Han sit på mykje kunnskap og materiale frå då far hans

dreiv. Noko som gir han ei enorm innsikt i korleis utviklinga har slått ut på bruket hans over tid. Erling gjorde ein god jobb i å forsøke å få oss til å forstå. Men all hans kunnskap er nok ikkje heilt enkel å ta inn på kort tid.

Vi gleder oss over Marianne sitt engasjement i å ta Erling sine tall med vidare og kanskje få til møte med sentralstyret.

Stølsdrift – av Lisa Meek Ljotebø – Kjøråsbotn beitelag



Lisa fortalte verkeleg inspirerande om si drift og samarbeidet med naboar som også driv aktiv stølsdrift.

Dei kan vise til å ha lukkast med driftsopplegget og har funne si løysning på krav om meir tid ute på beite.

Enkelt, ekte, ærleg og med enorm glede i eiga gard og drift.

Kvifor vi vel å drive med stølsdrift?

Fri på sommaren, utnytting av fjellet og naturen, beitekrav, drive i lag med andre, utnytte bøane heime til slått, sommarmjolk - betre betalt

Framtidas geit og geita som ressurs – av Andreas W. Wiese – geitebonde og ordførar i Luster kommune (SP)

Andreas snakka om sin inngang til jordbruket med å kjøpe gard på den opne marknaden. Bruket var ikkje spesielt stort, og han har vore innom fleire produksjonar.

Landa til slutt på geit, som han dreiv i halvstor skala fram til han reduserte besetninga og vidare starta med eiga foredling, for å sitje att med same eller større inntekt.

Ut på tur!

Bjørn Inge Flo hadde ordna med gardsbesøk hos Arild Svandal på Veitastrand som hadde nybygd fjøs til mjølkekyr.



Og til Beate Neset på Veitastrand Gardsysteri der vi også fekk smaksprøver av ost og vi var på besøk i geitefjøsene hennar.

Brattlendt landbruk – av Ole Løkra



Ole er vel landbruksmaskinene sitt svar på 'Bratt, Bløtt og Bale.

Desse tre b-ane er vel òg Løkra sin store lidenskap og å finne løysningar på. At det er kostbare maskiner er ikkje å komme i frå, men når ein ser kor han kan syne til maskiner i drift i bakkane, so blir ein imponert. Utstyr tilpassa garden.

Løkra snakka om maskiner og utstyr tilpassa brattlendte gardsbruk, samt høytørke.

Argumenterer for meir bruk av tørrhøy i mjølkeproduksjon, etter modell frå den austerriske og sveitsiske "høymjølka".

Noverande og framtidig tradisjonelt landbruk i eit utdanningsperspektiv og Bonden og elva – av Ronny Nymark Johannessen, lærar i naturbruk ved Førde VGS og også prosjektleiar for «Bonden og elva»

Det er stor nedgang i tal søkjarar til Naturbruk. Korleis få fleire til å søkje seg til landbruksutdanninga. Det er

mange søkjarar til 2-årig vaksenagronomutdanning.

Grønn pedagogikk og naturen som klasserom.

Bålplassen: Råme for den gode fagsamtale
Bonden og elva er eit pilotprosjekt i Sunnfjord, Askvoll, Fjaler og Kinn-sør 2024-2026. Det er viktig med dialog og tillit mellom forvaltning og bonden. Jobben er å hjelpe bonden, som må vere aktiv søkjar av jordbrukstilskot.

MÅL: God økologisk og kjemisk tilstand



Frå jord der du bur – av Barbro og Anders Nordrum – Datsja

Anders er gartner, Barbro kjem frå småbruk
Satsar på tørråteresistente poteter – plantar dei i fjellet på 910 m
Same med kvitlauk

Jo mere vi er sammen!

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptrer sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bondenes egen bedrift. Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne.

Se medlem.nortura.no

Nortura
bondens selskap



DRØV Serien til melkekyr og storfeoppdrett



DRØV Serien til sau og lam



IDEAL Serien til purke, smågris og slaktegris



DRØV Serien til geit

Kraftfôr frå Ottadalen Mølle

- Norgesfôr bruker varmestabil **Levucell®** Levande Gjær i DRØV- blandingar.
- Norgesfôr bruker organisk selen og e-vitamin i IDEAL svinefôr - blandingar.

Kontakt for tilbud og bestilling:

Ottadalen Mølle, Lom: Tlf: 61 21 18 20
Tenden AS: Tlf: 57 87 69 10
Salg, Vestlandet: Tlf: 94 79 15 79
Tlf: 46 91 13 18

GRATIS utkjøring av småsekk og storsekk fra våre lager i Stryn, Hafslo og Ørsta!

Besøk vår heimeside www.norgesfor.no/ottadalen



Følg oss på facebook for tilbud og nyheter!



Ottadalen Mølle

Alltid der for deg



Nær bonden

med uavhengig rådgiving

Norsk Landbruksrådgiving SA | nlr.no | nlr@nlr.no | 99 12 40 00



Vi har det meste rimelegare enn dei fleste!

Klippeutstyr



Hengemaskiner, handklippemaskiner med batteri eller 230 V, knivar, kammar m.m.

Aktuelt til lamminga



Mjølkepumpe for sau, geit og ku. Enkel i bruk.
Råmjølkserstatning - reddar tusenvis av lam.
Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Drikkeutstyr for sjølvmontering



Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, trau, stål- og plastrøyr, røyrdelar m.m.

Gjerdeutstyr



Stort utval i elektrisk gjerdeutstyr.

Nessemaskin

Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00

www.nessemaskin.no

Drifta på ein vestlandsgard 2025

Jua 12.02.2025, Ingolf Folven

Vestlandsnaturen er mangfaldig, og slik er også vestlendingane. Det same mangfaldet gjenspeglar seg i vestlandsjordbruket både i driftsopplegg og driftsomsfang, der det meste er tilpassa ressurstilgangen. Ein fellesnemnar for vestlandsjordbruket er at utmarksressursane alltid har vore ein viktig del av driftsgrunnlaget.

Litt om garden Gnr. 17 Folven i Stryn. Namnet har ei – vin ending,(som er gått over til – ven) som tyder på at det er ein svært gammal gard, gravfunn støttar opp om dette. Ein finn skriftlege kjelder tilbake til midten av 1500 talet, men der har vore busetnad mykje lenger. Det nyaste av dei fem hovud-

bruka, Bnr. 5 var utskild frå Bnr. 3 i 1798. Det er i dag 7. generasjon som driv bruket.

Ved utskifting av innmarka 1903-05, vart det gamle klyngetunet på Folven delvis oppløyst, og tre av gardstuna vart flytta ut til der dei ligg i dag.

Tunet til bruk 17/5 ligg der Sunndalen munnar ut i Hjelledalen. Elva Sunndøla renn der gjennom eit trangt juv, og på folkemunne fekk garden tidleg namnet Jua.

I moderne målestokk er gardane på Folven små, med mellom 30 og 50 da dyrkamark, i tillegg til utmark og sætreamne i Sunndalen. Der var det aktiv støldrift til på slutten

av 1940 talet. Då vart ein innhenta av dei moderne tidene, og utan køyreveg til sætra stogga drifta av seg sjølv.

Sunndalssætra ligg i dag i Jostedalsbreen nasjonalpark, og blir brukt til hamne for storfe og småfe. Mange av sætreama er teke vare på, og er ein del av det verneverdige kulturlandskapet.

Jua Gard. Det vert frå mange hald hevda at landbruket er bakstreversk og ikkje utviklar seg i takt med tida. Ved å sjå litt tilbake vert ein klar over kor feil dette er.

Kring 1960 var gardsdrifta basert på 3 mjølkekyr, ca 30 mjølkegeiter, 3 sauer, 1-2 griser, 1 hest, litt frukt (epler), litt grønnsaker med potet og gulrot for sal. I hushaldet var det 10 personar med smått og stort, som hadde sitt arbeid og levebrød. Om sommaren dobla folketalet seg, med slektningar som var heime på sommarferie, og som alle tok aktivt del i gardsarbeidet.

Far min som var brukar frå 1956, fekk ein gong spørsmål om korleis det gjekk å leve på eit slikt lite bruk. Svaret kom kontant: Vi lever, og vi lever godt. Det var ikkje noko luksusliv, men det var alltid mat på bordet.

Ting har endra seg, sånn litt i rykk og napp, men stadig endring. Skil ikkje gå i detaljar om den utviklinga som har vore frå 1960 talet og fram til i dag. Men endringane er store, og noko ein ikkje tenkjer over til dagleg.

Gjer eit sprang fram til 2025. Drifta i dag er basert på ca 150 mjølkegeiter og om lag 90 vinterfora sauer. Med leigejord har ein i overkant av 200 da dyrkajord og ein del beite. No som tidlegare er utmarka ein viktig del av driftsgrunnlaget. Ved bygging av ny geitefjøs på 1980 talet, og sauefjøs tidleg på 2000 talet, var dette ei bevisst satsing for å kunne nytte utmarksressursane på ein god måte.

Når det gjeld forproduksjon og innhausting så har eg fått oppleve utviklinga frå turrhøy og litt silo der alt vart gjort med hand og hestetekraft, til seinare motorslåmaskin, traktor, forhaustar og silo, og no tottrinshaustring og rundballar. No er diskusjonen i gang om

høytørke og moderne høyproduksjon. Kanskje er snart ringen slutta?

Auka effektivitet er kravet, og har vore det så lenge eg kan hugse. Ein person skal i dag drifta det som fleire familiar hadde som arbeid. Ein skal stadig springe litt fortare.

Om ein ser på det som blir produsert i forhold til dei ressursane som blir tilførde, så er eg ikkje sikker på om effektiviteten har auka noko særleg. Jorda ligg der den ligg, og fotosyntesen går sin gang upåverka av politiske vedtak.

I bakkane der ein tidlegare slo gras, både med stutturv og langorv, har skogen teke over. Det er for tungvint til og med å bruke det til beite.

Kvar generasjon har si tid, og sine tankar. Tida og utviklinga går sin gang. Frå blyant og papir til data og KI. Frå hest til traktor. Frå sjølvberging og direkte sal, til samvirkeindustri og kjedemakt. Nye tider med nye moglegheiter og nye utfordringar. Men mat må folk ha. Eit aukande forbrukarfokus på kva ein puttar i seg gjev håp for framtidig norsk matproduksjon.

Lokal foredling og direkte kontakt med forbrukar

gjennom Reko og Bondens Marked, er litt av dagens driftsopplegg. Dette er eit nyttig og viktig supplement til samvirkeorganisasjonane som uansett må vere garantisten for landbruksproduksjon i heile landet.

Mattryggleik, sikkerheit for rein og trygg mat, det er noko som for dei fleste er sjølvagt her til lands. Om ein ser litt utover eigne landegrensar så er dette ikkje like sjølvagt.

Beredskap er å ta høgde for at det utenkjelege kan skje. Matproduksjon er beredskap, og ein kan ikkje basere seg på dugnadsarbeid. At bonden skal kunne ha inntekt og sosiale forhold som andre grupper i samfunnet er avgjerande for framtida. Idealisme og glede ved å gjere noko matnyttig er ei sterk drivkraft, men den kan ikkje drage lasset aleine. Difor er NBS viktigare enn nokon gong.


Ja, slik kan kårkallen sitje å mimre og filosofere på ein godversdag. Sola kryp stadig lenger ned i fjellsida på nordsida av dalen, og om eit par tre veker so kjem ho på tunet her. Ei lita veke til kjeinga startar, to månader til lamminga. Med så mykje positivt å sjå fram til kan ei ikkje ungå å vere optimist.



Jua Gard. Foto Ingolf Folven

Returadresse:

Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag
Hornnesvegen 113
6809 FØRDE



På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige.

Les mer på gjensidige.no/landbruk, eller ring oss på 915 03100.



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

Gjensidige

